

Møtebok for Aseral sokneråd

Møtedato: 07.10.2014
Møtetid: kl. 19:00 -kl.21:00
Møtested: Kyrkjekontoret

Tilstede:

Linda Fosse, Oddmund Ljosland, Astrid Skeibrok, Ama Berg, Jorunn Marie Berås, Andreas Forgard, Hallvard Forgard, Ase Austrud.

Oddmund Ljosland forlot møte etter sak 41/14- kl.19:30.

Meldt forfall:

Grete Austegard.

Saker

Sak 040/14 Godkjenning av møtedato frå 2.september 2014

Vedtak:

Møteboka frå 2.september 2014 vert godkjent.

Samrøyistes vedtek.

Sak 041/14 Budsjett 2015

Vedtak:

På grunn av at Svein Ove Nepstad ikkje kunne koma på møte, vart saka utsatt.

Forslag til nytt soknerådmøte: tysdag 28.oktober. Ein vil spør Svein Ove Nepstad om å vera med på dette møte.

Samrøyistes vedteke.

Sak 042/14 "Kva tankar har ein om kyrkja si framtid?!"

Vedtak:

Punkter som kom fram under møte:

- Viktig at vi sjølv gjeng i kyrkja
 - Få born/konfirmantar til å delta under gudstenesta
 - Soknerådet har ansvar for menighetsbladet. Kva visjon vil ein ha for menighetsbladet?
 - Kva kan ein gjera meir for konfirmantane? –spør prest Jan Helge og trusopplærar Lasse med på eit møte
 - Viktig at soknerådet tek denne saka opp med visse mellomrom!
- Samrøyistes vedteke.

Sak 043/14 Søknad om tilskot til BDR frå kyrkjelydane 2014

Vedtak:

Åseral Sokneråd gjeng inn for å sende pengar til Agder og Telemark bispedømmeråd. Kr. 1,- pr medlem totalt for 2014 kr. 724,-. Samrøystes vedteke.

Sak 044/14 Attestering av reikningar

Vedtak:

Åseral sokneråd/fellesråd gjeng inn for at nestformann tilviser, attestere utbetalingar til kyrkjeverje og leiar Samrøystes vedteke.

Sak 045/14 Høring: Staten og Den norske kirke- tydelig skille

Vedtak:

Åseral sokneråd er positiv til forslaget i høringsnotatet og vil presisere følgende:

1. Det er grunnleggende føresetning i reformen at soknet fortsatt skal være sjølvstendig når det etablerast eit nytt rettssubjekt for Den norske kyrkje. Soknet vil fortsatt vera arbeidsgjevar for sine tilsette og ha ein sjølvstendig økonomi.

Kommentar: Det er viktig at soknet videreførast som grunnleggande sjølvstendig enhet i Den norske kyrkje. At Den norske kyrkje vert eige rettssubjekt, må ikkje innebera at Kirkemøtet vert overordna soknet i andre saker enn det som gjenge fram av gjeldande lovverk.

2. Departementet foreslår at statens finansiering av dei virksomheta som overførast, skjer gjennom rammetilskat som Kirkemøtet disponerer. Statens finansieringsoppgåve overfor kyrkja vil dermed vera den same som før. Det foreslås at statens finansieringsansvar lovfestas. Også kommunens finansieringsansvar overfor kyrkja foreslås ført vidare. Den økonomiske ansvarsdelinga mellom staten og kommunane på kyrkja sitt område vil då vera som i dag.

Kommentar: Ordninga med kommunale tilskat til lokalkyrkja oppretthaldas. Dette styttar vi. Vidare tolkar vi departementets forslag slik at vi får vidareført ordninga med tilskat til trusopplæring, kateketsstillingar og diakoni. Det er viktig at <lesse tilskota j usterast ihht. pris – og lønsvekst, dersom ikkje vert det ein reel nedgang. Mesteparten av tilskota brukast til løn i sokna, og då er det svært uheldig dersom tilskota ikkje held tritt med lønsveksta.

Samrøystes vedteke.

Sak 046/14 Kyrkjekaffi- haust-vinter 2014

Vedtak:

Sundag 26.oktober: Åse bakar to kaker, Jorun Marie bakar ei kake. Linda koker kaffi.

Laurdag 1.november: rundstykker. Jorun Marie eit brett med 30 stk, Åse eit brett med 30 stk, Astrid eit brett med 30 stk. Ase koker kaffi.

Samrøystes vedteke.

DEN NORSKE KYRIJA

V Sokneråd/Fellesråd

Sak 047/14 Høring: om kyrkjeleg inndeling i Agder og Telemark bispedømme

Vedtak:

Åseral sokneråd ynskjer å ha det slik som i dag saman med Grindheim og Konsmo i Mandal prosti.

Utalet har teke utgangspunkt i dagens kommunestruktur og det er ein samd i.

Det er naturlig for Åseral å fortsatt høyra til Mandal prosti fordi ein samarbeidar med kommunar i prostiet på mange ulike områder.

Ein vil be om at stillinga som ny sokneprest for sokna Åseral, Grindheim og Konsmo, vert lyst ut snarast mogleg.

Samrøystes vedteke.

For Åseral sokneråd

!..),..,h- cle.. -:;;;

Admin

Kyrkjeverge